

MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: 31. mai 2024

Stad: Kommunestyresalen Flå kommune

Desse møtte frå Regionrådet:

Solveig Vestenfor	Ål kommune
Pål Rørby	Hemsedal kommune
Sigrid S. IIsøy	Hol kommune
Heidi Granli	Gol kommune
Anne Kari Eriksen	Nesbyen kommune
Merete H. Gandrud	Flå kommune

Desse møtte frå KRU:

Ole Johnny Stavn	Hol kommune
Odd Egil Stavn	Flå kommune
Bente R Herdlevær	Nesbyen kommune
Ola Frogner	Hemsedal kommune
Hege Mørk	Gol kommune
Karsten Dideriksen	Ål kommune

Desse møtte frå Buskerud fylkeskommune.

Iselin Haugo Stavn (H)
Hilde Aarø (adm)

Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Helling, dagleg leiar

SAK 29/24 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 22. MARS 2024**Vedtak:**

Protokollen 22. mars 2024 er godkjent.

SAK 30/24 ORIENTERING OM KULTURMINNEFONDET OG KULTURARVENS VERDI

Simen Bjørgen direktør i kulturminnefondet, Riksantikvar Hanna Geiran og Kari Larsen BFK orienterte om Kulturminnefondet og korleis ulike instansar kan samarbeidet om å ta vare på kulturarven vår, samt ulike støtteordningar. Bjørgen og Geiran etterlyste fleire gode prosjekt i Hallingdal og vil med dette gjera desse støtteordningane betre kjent.

SAK 31/24 BILLAG TIL REGIONRÅDET SITT REKNESKAP 2023**Vedtak:**

1. Regionrådet tek rekneskapet for 2023, med nytt vedlegg til orientering.
2. Regionrådsordførar og dagleg leiar får fullmakt til å signere i tråd med revisor si tilråding.

SAK 32/24 ORIENTERING OM ARBEIDET MED VIDAREGÅANDE SKULE V/HEIDI

Heidi Granli informerte om arbeidet med alternative linjeval etter at musikk, dans og dramalina vart lagt ned. Heidi ønskjer at fleire ordførarar blir involverte i arbeidet. Saka blir sett opp på agendaen når det er klart.

SAK 33/24 KLIMAPLAN FOR HALLINGDAL - PROSESS VIDARE**Vedtak:**

Klimaplan for Hallingdal blir lagt fram i neste møte. Regionrådet sender ut på høyring.

SAK 34/24 PLANSTRATEGI/OPPFØLGING ETTER BUSKERUDKONFERANSEN

v/Fylkesordfører Tore Opdal Hansen og Fylkeskommunedirektør Jan Sivert Jøsendal

SAK 35/24 PRESENTASJON AV «PLAACCE»

Plaace eit digitalt verktøy som gir innsikt i besøkande i område, omsetningstal, demografi. Regionrådet fekk ei orientering frå Kristian Akervold og Plaace.

Vedtak:

Regionrådet ber KRU og administrasjonen i Regionrådet vurdere om ein skal teste ut «Plaace» i Hallingdal i ein periode og gjennom det gjeva seg nokre erfaringar på korleis data kan nyttaast i samfunnsplanlegginga. Ein skal i vurderinga også teste ut reelle tal mot Plaace sine tal for å sjå kor stort avvik ein må rekne med.

SAK 36/24 FINANSIERING AV NESBYEN SIN DEL AV ETABLERERTENESTA**Vedtak:**

Regionrådet utsett saka til neste møte

SAK 37/24 KORLEIS VIL SITUASJONEN I NESBYEN PÅVERKE REGIONALT SAMARBEIDET

Anne Kari og Bente orienterte om korleis den økonomiske situasjonen vil påverke Nesbyen og Hallingdal. Ein vil koma attende med meir informasjon etterkvart

SAK 38/24 EVENTUELTT

Innspel til framtidig togtilbod

Vedtak:

Me sender eit regionalt innspel til Buskerud fylkeskommune utsett saka til neste møte

Flytte augustmøte

Vedtak:

Regionrådsmøte som er satt opp 30. august er flytta til 6 sept.

Forankring av eigarskap

Forankring av saker til interkommunale selskap vart drøfta.

Vedtak:

Regionrådet ønskjer å betre rutinane for eigarstyring og ber KRU forberede en sak til neste regionrådsmøte.

Statens naturskadeordning (for landbruk etc):

Anne Kari tok opp det at landbruksdirektoratet brukar lang tid på å vurdere saker etter Hans og at det det berre er eit fåtal som har fått svar på sine søknadar. Det vart drøfta om det er noko me som regionråd kan gjera. Det kom fleire råd – men ingen konklusjon

Studietur

Det vart drøfta om Regionrådet skal bruke tid på eun nyttig og sosial studietur. Saka kjem opp att i neste møte.

Arendalsuka

Me satsar på å reise på Arendalsuka mandag – onsdag ev til fredag. Jan Olav sjekkar overnatting.

Hallingdal 6. juni 2024

Jan Olav Helling
Dagleg leiar